# Protokoll
## Styremøte nr. 8/2017
## *Norges Friidrettsforbund*
Quality Hotel Residence i Sandnes 24-25. august kl 14.00

**Tilstades:** Ketil Tømmernes, Kalle Glomsaker, Ragnfrid Margrete Nedberge LLano, Kari Ann Nygård, Geir Nordtømme, Anne Farseth, Henrik Carstens, Elisabeth Morthen, Lill Berit Løyte Sjøsåsen, Mathias Vangsnes

**Forfall:** Svein Arne Hansen, Kari Ann Nygård (sak 70)

**Referent:** Narve Heggheim

**Fra sentraladministrasjonen:** Narve Heggheim, Kjetil Hildeskor

**<u>Saksliste for styremøte 8-2017:</u>**

Sak 70/2017 Godkjenning av innkalling og protokoll frå forrige styremøte
Sak 71/2017 Informasjon om NM frå arrangøren
Sak 72/2017 Tildeling av NFIFs gullmedalje 2016.
Sak 73/2017 Kongepokalkomité
Sak 74/2017 Økonomi og regnskap
Sak 75/2017 Program for styremøte og haustmøte 29.-30.09.
Sak 76/2017 NFIF og SK Vidar. Minneleg løysning - avtale mellom partane.
Sak 77/2017 Profesjonalisering av trenaren.
Sak 78/2017 Evaluering Norwegian Grand Prix.
Sak 79/2017 Orientering drift ved gensek og orientering frå kvart enkelt styremedlem.
Sak 80/2017 Draktreklame for klubbdrakt.

**Sak 70/2017 Godkjenning av innkalling og protokoll frå forrige styremøte**

**Vedtak: Innkalling og protokoll vart godkjent.**

**Sak 71/2017 Informasjon om NM frå arrangøren**

Leiar i hovedkomitèen presenterte årets mesterskap og forberedelsane arrangøren har gjort for å levere eit best muleg arrangement. Totalt er det nær 400 frivillege som er engasjert i avviklinga av NM. Deltakinga i årets mesterskap er litt mindre enn førre år noko som som er litt påverka av norsk deltakelse i Universaden.

**Sak 72/2017 Tildeling av NFIFs gullmedalje 2016.**

Styret drøfta innstilling frå komitè for tildeling av NFIF`s gullmedalje.

**Vedtak: NFIF`s gullmedalje for 2016 vert tildelt Filip Ingebriktsen, Sandnes IL.**

**Sak 73/2017 Kongepokalkomité**

Styret oppnevner komite som er ansvarleg for å velje ut kongepokalvinnarane under NM.

**Vedtak: Styret oppnevner følgjande til komitè for kongepokaltildeling for NM 2017: President, toppidrettssjef, leiar for statistikk og rekordutvalet.**

**Sak 74/2017 Økonomi og regnskap.**

Rekneskap pr. 16. august og prognose pr. 5.juni vart lagt fram.
Prognose er uendra frå førre styremøte og indikerer eit underskot på kr 290.988,- mot eit budsjettert underskudd på 769.962,-

**Vedtak: Framlagt rekneskap og prognose vart teken til etteretning. Styret får full gjennomgang på økonomi/rekneskap av økonomisjef på neste styremøte.**

**Sak 75/2017 Program for styremøte og haustmøte 29.-30.09.**

Styret drøfta program for høstmøtet og administrasjonen arbeider vidare med dette og publiserer dette med påmelding så snart alt er på plass.

**Sak 76/2017 NFIF og SK Vidar. Minneleg løysning - avtale mellom partane.**

Styret vart orientert om status i saka.

**Sak 77/2017 Profesjonalisering av trenaren.**

Styret fekk presentert skisse til eit konsept som har som formål å få fleire trenarar som kan ha trenarrolla på heiltid i samarbeid med næringsliv, offentleg sektor og private aktørar. Konseptet vert arbeidd vidare med opp mot potensielle samarbeidspartnerar.

**Sak 78/2017 Evaluering Norwegian Grand Prix.**

Styret har tidlegare vedteke at det skal nedsetjast ei gruppe for evaluering av årets NGP som skal vere med i beslutningsprosessen om framtidige elitestevne.

**Vedtak: Styret oppnevner følgjande arbeidsgruppe:**

| | |
|---|---|
| **Anne Farseth** | **(leiar av Toppidrettsutvalget)** |
| **Kjetil Hildeskor** | **(generalsekretær)** |
| **Ståle Jan Frøynes** | **(repr. idrett NFIF)** |
| **Odd-Ivar Nyheim** | **(representant for trenarar/Trenarforeningen)** |
| **Morten Olsen** | **(repr. kommunikasjon og særleg ansvar for media/profilering)** |

**Gruppa vil innhente informasjon frå utøvarar, trenarar, media, sponsorar og andre samarbeidspartnerar. Friidrettens Venner vil bli særleg involvert i evalueringa, men deltek ikkje i arbeidsgruppa.**

**Gruppa skal innan 15.10.2017 levere ein rapport innehaldande evaluering av årets Grand Prix-arrangement og forslag til om, og i så fall i kva form desse skal vidareførast i.**

**Sak 79/2017 Orientering drift ved gensek og orientering frå kvart enkelt**

**Styremedlemmer og administrasjon orienterte om aktuelle saker innan sitt arbeidsområde.**

**Sak 80/2017 Draktreklame for klubbdrakt.**

Klubbane har i dag anledning til å ha inntil 5 sponsorlogoar+NFIF`s generalsponsor for utøvarar som er på kontrakt på konkurransedrakt. I tillegg kjem produktlogo. På overtrekksdrakt og anna bekledning er det fritt mht antal logoar. Forslag om endring vart drøfta.

**Vedtak: Konkurransedrakt klubb kan ha maksimalt 6 sponsorlogoar + NFIFs generalsponsor for dei utøvere som har avtale med NFIF. I tillegg kjem produktlogo. Overtrekksdrakt og anna bekledning har fritt antal logoar.**

**Møtet slutt laurdag 25. august kl 12.00.**